

Reguleringsplan for Grannaroi og Nystøyl



**del av gnr. 104 bnr. 2 og 3
i Tokke kommune**

PlanID: 382420210002

Vedtatt: 08.03.2022, sak nr 11/22



**Fyresdal Næringshage
3870 Fyresdal
Prosjekt – Nr.: 9435**

Dato: 07.10.2021


Tittel		
Forslag til reguleringsplan for Grannaroi og Nystøyl, del av gnr. 104 bnr.2 og 3 i Tokke kommune		
Prosjekt Nr.	Prosjektnamn	Sider
9435	Grannaroi og Nystøyl	22
Prosjekttype		Dato
Detaljplan for veg og fritidsbustad		07.10.2021
Prosjektansvarlig		Kontaktperson oppdragsgivar
Mona Gundersen		Espen Finstad
Ekstrakt		
Planen omfattar regulering av veg fram til støylane Nystøyl og Grannaroi sør vest for Botndalsvatn i Tokke kommune. Vegen vil lette adkomst til støylane som har stort vedlikehalds behov.		

Innhald

1	Bakgrunn	3
2	Planstatus	3
3	Varsel av planarbeidet	5
4	Føresetnader for planarbeidet	7
	4.1. Kartgrunnlag	7
	4.2. Krav frå Tokke kommune	7
5	Planomtale	9
	5.1. Generelt om arealet	9
	5.1.1. Landskap og vegetasjon	9
	5.1.2. Eksisterande bygg	9
	5.1.3. Veg og trafikktilhøve	9
	5.1.4. Grunnforhold	9
	5.1.5. Vatn	10
	5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald	10
	5.1.7. Kulturminne	10
	5.1.8. Friluftsliv	10
	5.1.9. Landbruksinteresser	11
	5.2. Planløyisingar, vurderingar	12
	5.2.1. Tiltak og omfang	12
	5.2.2. Byggjeskikk	12
	5.2.3. Omsynet til born og unge	12
	5.2.4. Omsynet til verna vassdrag	13
	5.2.5. Renovasjon og straum	13
	5.2.6. Naturfare	13
	5.2.7. Fare ved regulerte vatn	14
	5.2.8. Inngrepsfri natur	14
6	Risiko og sårbarheit	15
	6.1. Metode	15
	6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak	18
	6.3. Evaluering av risiko	20
	6.4. Konklusjon	21
	6.5. Konsekvensar av planframlegget	22

1 Bakgrunn

Bakgrunn for planarbeidet er at grunneigar ønskjer å lette tilgangen til støylane Grannaroi og Nystøyl. Støylane har stort vedlikehalds behov og vegen vil og vere med og auke bruken av plassane.



Bilete 1 Raudt område er området for reguleringsplan Grannaroi og Nystøyl

2 Planstatus

Arealdelen for Tokke kommune 2005-2017, vedtatt 13.09.05, er ovordna plan i området. området lagt ut til bygge-område for fritidsbustader, R1 – Botnedalen,.


Overordna planar og retningslinjer:

Nasjonale

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal-, og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)
- Rettleiar T – 1450: Planlegging av fritidsbebyggelse
- Andre aktuelle retningslinjer

Relevante planar

- Kommuneplan for Tokke kommune, vedtatt 13.09.2005
- Heiplanen



Bilete 1: Område **O** er planområde; Utsnitt, kommuneplanens arealdel

3 Varsel av planarbeidet

AT Plan har vore i dialog med Tokke kommune i førekant av arbeidet, oppstartsmøte vart halde 12. februar 2021.

Naboar, hytteeigar, Tokke kommune og regionale myndigheiter vart varsla 9.03.2021, med frist for innsending av innspel 23.04.2021. Planarbeidet vart i tillegg kunngjort i Vest Telemark blad og på heimesida til Tokke kommune.

Det har kome inn fylgjande innspel til planarbeidet:

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark varslar nasjonal interesse når det gjeld villrein. Det peikast på at planområdet strekker seg heil fram til og så vidt innafør nasjonalt villreinområde. Dei vurderer den delen av planen som ligg utafor byggeområde i kommuneplanen til å vere i konflikt med nasjonale interesser, viktig funksjonsområde for villrein. Det peikast og på at anlegging av veg i området vil redusere sone for inngrepsfri natur. Området ligg innafør området for Dalåi vassdragsvernområde og er omfatta av rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. I hundre metersbeltet langs Botndalsvatn er det markert sone for byggjeforbod langs vassdrag. Det peikast og på omsynet til myr og bekkar og at kartgrunnlaget syner eit myrområde av betydeleg storleik innanfor den delen av området som er ligg i LNF. Statsforvalteren rår sterkt i frå å legge veg eller fritidsbustader på myr. Det er fleire bekker teikna inn innafør planområdet som bør bevarast. Dei minner om at alle planar skal ha ei ROS-analyse som syner alle risiko og sårbarheits forhold som kan ha betydning for planen. Det må også takast omsyn til klimaendringar gjennom klimatilpassing av planen. Naturmangfalds skal vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova. Det må takast omsyn til friluftslivet, særleg langs vatnet. Eksisterande stiar og løyper bør takast vare på og teiknast inn i kartet. Dei legg til grunn at landskapsomsyn blir vektlagt og at det brukast løysingar som tar best mogleg vare på landskapet.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande. Planområdet er betydeleg redusert etter varslinga av planarbeidet. Planområdet går ikkje inn i nasjonalt villreinområde lenger. Areal avsett til ny fritidsbustad ligg akkurat innafør byggeområde i kommuneplanen. Ein mindre del av planområdet ligg innafør 100 metersbeltet langs Botndalsvatn, dette er på grunn av terrengtilpassing. Vurdering av naturmangfaldet og ROS analyse inngår i plandokumentet. Kap.5.1.6

Vestfold og Telemark fylkeskommune Peikar på forholdet til regional plan, Heiplanen, som skal ivareta villreinens interesser. Området ligg innafør bygdeutviklingssone i Heiplanen men nært opp til omsynssone for villrein. Betra adkomst kan auke ferdselen i området, dei rår til at planen syner

forholdet til eksisterande turstiar og korleis villreinen blir ivareteke. Dei ber og om at interessene til born og unge blir greia ut og vurdert. Dei ber om at planen blir vurdert med tanke på beiting i utmark. Dei ber og om at ein som eit klimatiltak unngår at veg og fritidsbustad leggast i myrområde. Dei varslar og behov for arkeologisk registrering i området.

Kommentar: Innspelet vert lagt til grunn i planarbeidet. Kulturminne registreringar vart føretatt 29.09.2021 med funn av ei dobbel kolgrop.

NVE peikar på at området kan vere flomutsett og at det nokre stader kan vere utsett for steinsprang. Vegen må krysse fleire bekkar ein må ta omsyn til. Dei peikar og på at det er viktig å ivareta myrområder med tanke på klimaendringar i framtida. Dei støttar kommunen om at det bør takast omsyn til landskapet ved å unngå plassering i bratt terreng og unngå bygging på myr. Dei peikar og på at det er viktig å ivaretake kantvegetasjon og ha avstand til vatn og vassdrag.

Kommentar: Innspelet vert lagt til grunn i planarbeidet.

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttalar seg i høve til villreininteresser. Jamfør Heiplanen ligg aktuell veg og støylar i bygdeutviklingssone der villreinens interesser reknast som avklart. Dei legg til grunn at ny fritidsbustad lokaliserast i bygdeutviklingssona slik som veg og støylar, og har da ingen marknad til planen.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande

Vetli Felland er som eigar av gnr 104 bnr 4 positiv til at det byggast veg inn til Grannaroi/Nystøyl. Han føreslår at arbeidet settast bort til ein lokal entreprenør.

Kommentar: Innspelet er teke til vitande.

Tomas Steiro (pr tlf) er hytteeigar i enden av eksisterande veg og ber om at det takast omsyn til brønn som er deiers drikkevass kjelde.

Kommentar: innspelet er teke til vitande.

4 Føresetnader for planarbeidet

4.1. Kartgrunnlag

Kartgrunnlag som er nytta for området er FKB – data med 1 meter ekvidistanse.

Ortofoto er nytta som grunnlag i planarbeidet, samt innsynstjenester/WMS tenester:

- Kommuneplaner , reguleringsplaner osv (<https://kommunekart.com/klient/vinje>)
- Artsdatabanken (<https://artskart.artsdatabanken.no/>), Røddlistearter
- Nibio (<https://kilden.nibio.no>), Arelatyper
- Miljødirektoratet (<https://kart.naturbase.no>),
- Norges geologiske undersøkelse (www.ngu.no, Berggrunn, ..),
- Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no),
- NVE (<https://atlas.nve.no>). Naturfare

Plankartet er utarbeidd i digital form på SOSI- format.



Bilete 2: Flyfoto over området (frå www.norgebilder.no)

4.2. Krav frå Tokke kommune

Føresegner og retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel er søkt ivareteke der dei er vurdert relevante for planarbeidet, samt lagt til grunn ved utforming av reguleringsføresegnene.



Bilete 3: Grannaroi/Nystøyl sett frå nord, kommunekart 3D

5 Planomtale

5.1. Generelt om arealet

Planen avgrensast langs ny vegline og rundt støylane i tillegg til område for ny fritidsbustad og eit område for masseuttak til vegbygging. Langs vegen er planområdet en korridor på om lag 20 meters bredde.

5.1.1. Landskap og vegetasjon

Planområdet går inn under landskapsregionen Dal og fjellbygder i Telemark.

Området vender seg mot nord / nordvest og har flott utsikt utover Botnedalen/ Vendalen. Dei to støylane ligg langs myrlandskapet sør for Vendalsåi . Området ned mot Vendalsåi er relativt opent med ein del bjørkeskog og prega av eit større my område. I sør stig terrenget bratt mot ein topp vest for Flottekvæven

5.1.2. Eksisterande bygg

Planområdet inneheld to støylar med hytte og to andre støylshus på kvar plass.

5.1.3. Veg og trafikktilhøve

Området har i dag ikkje veg helt fram. Det går veg langs begge sider av Botndalsvatn, på nordsida stoppar vegen rett nord for planområdet ved Vendalsstøyle. På sørsida går vegen fram til Klokkarflote. Tilkomst frå Fv 806, via kommunal veg til Froland og vidare langs skogsbilveg til Botnedalen. Grunneigarar må bidra til vedlikehald av vegen.

Skogsbilvegen er ikkje heilårsopen og om vinteren kan ein nytte eksisterande parkeringsplass ved Øyarvae. Hytteeigar som ynskjer vinterparkering ved Øyarvae må kjøpe parkeringsplass av Froland parkeringslag.

5.1.4. Grunnforhold

Bergrunnen består av Granitt, granodioritt, Foliert, middels- til grovkornet granitt. I den austlege delen er det diorittisk til granittisk gneis, migmatitt. Lausmassane i området består av Breelavsetning i vest og morenemateriale i samanhengande dekke, stadvis med stor mektigheit mot aust.

5.1.5. Vatn

Nord for planområdet renn Vendalsåi frå Vendalen ned til Botnedalsvatn. Planområdet kryssast av fleire mindre bekkar, særleg i området mellom støylane.

5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald

Per 16.07.21 er det på Miljødirektoratets naturbase registrert kalvingsområde for villrein i området. Omsynet til villreinen er avklart gjennom Heiplanen (vedtatt 14.06.2014), der område er avsett til bygdeutviklingssone. Det har tidlegare vært sporadiske bruk av området. Undersøkingar har vist at kalvingsområda for villrein i Setesdal austhei i stor grad ligg lenger sør i Fyresdal kommune. Områda nord for Fv450 er i all hovudsak vinterområder. Naturbase har ingen andre registreringar i området. Artsdatabanken har per 16.07.2021 ingen registreringar av artar som står på raudlista. Område ligg utafor areal der det er føreteke MiS registreringar. Området kjem inn under område for verna vassdrag, Dalåi, vernegrnlag: delvis restfelt i et elles sterkt vannkraftutbygd område, Friluftsliv er viktig bruk.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark meiner delar av området er i konflikt med villreininteresser. Området ligg innafor villreinens leveområde men er å karakterisere som eit randområde med sporadisk bruk. Det er markert som kalvingsområde, hovudtyngda av kalving i Setesdals austhei går føre seg lenger sør i Fyresdal kommune. Areala i Tokke kommune er mest bruka vinterstid. Det var også nemnt at det var ein trekkveg vest for område, dette er lokale trekk med sporadisk bruk. Villreinnemda har ingen innvending mot tiltaket.

Planen skal legge til rette for veg inn til to eldre støylar og areal for ein ny fritidsbustad. Veg er det som vil bli mest synleg i landskapet, men med god linjeføring og skånsame arbeidsmetodar vil ein søke å gjere verknaden minst mogleg. Ny hytte er plassert innafor byggjeområde i kommuneplanen. Den siste halvdel av vegen vil gå utanom byggjeområde i kommuneplanen, men ligg framleis i sone for bygdeutvikling i Heiplanen. Om hytte og veg byggjast etter dei vilkår som framgår av føresegnene til planen, ser ein ikkje behov for å sette andre vilkår.

5.1.7. Kulturminne

Kulturminnevernet undersøkte område 29.09.2021, og fant en dobbel kullgrop(ID281201).

Kullgropene søkes frigitt gjennom planen.

5.1.8. Friluftsliv

Botndalen er ein flott støylsdal, med opent fjellandskap. Det er lite tilrettelegging for friluftsliv. I N50 kartgrunnlag er det markert nokre stiar på nordsida av Vendalsåi og ein sti frå enden av vegen ved

Klokkarfloti langs sørsida av Botnedalsvatn og Vendalsåi til om lag rett sør for Vendalsstøylen . Elles er det inga kjent tilrettelegging i form av stiar og skiløyper i området. Men moglegheiter for å nyte naturen i fred og ro er det store moglegheiter for.

5.1.9. Landbruksinteresser

I fylgje databasen til skog og landskap er det uproduktiv skog og myr i området.

Planområdet ligger for høgt til at det er utført MiS registreringar her. Området er brukt som utmarksbeite for sau sommarstid.

5.2. Planløysingar, vurderingar

5.2.1. Tiltak og omfang

Planforslaget gjer framlegg om veg fram til Grannaroi og Nystøyl samt område for ny fritidsbustad langs vegen mellom desse. Planområdet er på om lag 45,8 daa, som er regulert til følgjande formål:

Busetnad og anlegg

Fritidsbusetnad	8,8 daa
Masseuttak	2,9 daa

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Veg	7,3 daa
Anna veggrunn, grøntareal	8,6 daa

Landbruks, natur og friluftformål

LNF	20,6 daa
-----	----------

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Bruk og vern av sjø og vassdrag m. tilh.strandsone	0,1 daa
--	---------

Planen legg til rette for veg vidare frå Klokkarfloti forbi Nystøyl til Grannaroi. Vegen er lagt slik at den vil gje minst mogleg terrenginngrep. Ein har lagt den i overkant av myrområdet mellom støylane slik at myra ikkje skal bli påverka. Bekkane som kryssar vegen vil ledast gjennom stikkrenner. Det er lagt inn eit område for masseuttak der vegen rundar enden av ein åsrygg ned mot vatnet. Dette gjer tilgang på masse til vegbygging lokalt og sparar mykje transport. Dette området vil kunne avsluttast og tilpassast fint mot eksisterande terreng utan å lage store sår i terrenget. Området for ny fritidsbustad er lagt på ein tørr rabbe om lag 300 m innanfor Nystøyl, her er det flott utsikt og gode solforhold

5.2.2. Byggjeskikk

Busetnad i planområdet skal ta omsyn til landskap og stadeigne tilhøve. Reglar om byggjeskikk og grad av utnytting følgjer føresegnene i kommuneplan for Tokke kommune.

5.2.3. Omsynet til born og unge

Planen legg ikkje opp til særskilt tilrettelegging for born og unge. Høve til fri leik og flotte naturområde vil vere den største kvaliteten for området.

5.2.4. Omsynet til verna vassdrag

Området ligg i verneområde for Dalåi som medfører restriksjonar i hundre metersbeltet langs vassdraget. Eit lite parti av vegen vil ligge nærmare enn 100m frå Botnedalsvatn som er regulert med ei reguleringshøgde på 35 meter. Utover dette er det ikkje planlagt tiltak innafor 100 meters beltet.


5.2.5. Renovasjon og straum

Det leggst straum fram til støylane som jordkabel.

Eksisterande hytterenovasjon for området ligg i krysset ved Kleppholt.

5.2.6. Naturfare

Område er delvis omfatta av aktsamheitsområde for flaum, dette gjeld ein mindre del av planområdet ved område for ny fritidsbustad. Maks auke i vasstand er sett til 1,48 m, aktsamheitsområde startar der fleire mindre bekkar frå myrområdet samlar seg. Det er lagt inn faresone flaum i plankartet opp til 2m høgare enn bekken. Ein bekk som kryssar planlagt veg ved enden av Botndalsvatn er markert med aktsamheitsområde for jord og flaumskred. Det er ikkje busetting i nærleiken til dette område, eit skred her kan øydelegge vegen i området. Store delar av området er markert som utløpsområde for snoskred i aktsamheitskart for snoskred. Kommunen har fått utarbeid farekartlegging for området i NGI rapport 20061233-1 Botnedalen – Strandstøydalen, Tokke Faresonekart for skred, 8. januar 2007. I denne er utløpsområde betydeleg redusert og vil kunn nå vegen på to plassar. Ein liten bit mellom Nystøyl og nytt byggjeområde og ein strekning mellom nytt byggjeområde og Grannaroi. Vegen i område vil ikkje brøytast vinterstid ein ser derfor ikkje behov for ytterlegare tiltak knytt til snoskred.



Bilete 4 Raud skravur syner fareområde for snoskred.

5.2.7. Fare ved regulerte vatn

Botnedalsvatnet er regulert, det er markert fare for usikker is ved innfallsosane til Vendalsåi og Hovundåi, og ein ser ikkje behov for ytterligare tiltak.

5.2.8. Inngrepsfri natur

Det er påpekt i innspel frå statsforvalteren at anlegging av veg vil redusere INON område. Inon metodikken er skjematisk og tiltaket vil føre til en mindre reduksjon av INON område sør og vest for planområdet. Tiltaket vil ligge innafor eit landskapsrom som er prega av tiltak i form av kraftutbygging, hytteutbygging og vegframføring, og i så måte ikkje føre til påverknad av urørte landskapsrom.

6 Risiko og sårbarheit

Jmf. plan- og bygningsloven § 4-3 er det krav om risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS – analysa) for arealplanar som legg til rette for utbygging. Omsyn til tryggleik og beredskap skal i medhald av plan- og bygningsloven vere ein integrert del av samfunnsplanlegginga. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som knyttast til planområdet og eventuelle endringar som følgjer av planen eller tiltak som er heimla i den. Formålet med § 4-3 er å gi eit grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og andre materielle verdiar mv. Ved å kartlegge sannsynlighet og konsekvensar av uønska hendingar, kan ein prioritere risikoområde og planlegge tiltak for å hindre dei eller redusere konsekvensen av dei dersom dei skulle oppstå. I utgangspunktet bør det unngåast å bruke areal som inneheld uønska risiko og sårbarheit.

For nærare detaljar om planområdet og planen visast det til kap.5. i planomtalen. Her er området og karakteren av det omtala, samt tiltak som planleggast i reguleringsplanen.

6.1. Metode

Ein enkel analyse av risiko og sårbarheit er gjort for denne reguleringsplanen. Dette er ein skjematisk gjennomgang av moglege uønska hendingar og kor stor risiko dei representerer. Basert på eigne vurderingar av kor sannsynleg hendinga er, kor store konsekvensar dei har, og årsak, blir tiltak vurdert for å hindre at dei skal oppstå eller for å redusere verknaden av dei.

Deltakarar i ROS – analysen:

- Planleggar Mona Gundersen

Analysearbeidet er delt inn i sju steg:

1. Kartlegge uønska hendingar på bakgrunn av DSB sin vegleiar og kjennskap til reguleringsplanen.
2. Vurdere om hendingar er relevante for denne planen
3. Greie ut om årsaker til moglege hendingar
4. Vurdere kor sannsynleg det er at hendingane kan oppstå
5. Vurdere konsekvensar av hendingar, dersom dei oppstår
6. Vurdere risiko og gi kommentarar
7. Gi forslag til tiltak

Risiko uttrykker den fare som uønska hendingar representerer for menneskjer, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjoner. Risiko er eit resultat av **sannsynlighet** (frekvensen) for og konsekvensane av uønskte hendingar. **Sårbarheit** er eit uttrykk for eit systems evne til å fungere og oppnå måla sine når systemet blir utsett for påkjenningar.

I **sjeeklista** er det lista opp fleire moglege hendingar som både isolert sett og heilheitlig synleggjer risiko- og sårbarheit med omsyn til konsekvensar for og konsekvensar av planen. Forhold som er vurdert til ikkje å vere til stades kvitterast ut i eigen kolonne. Hendingar som kan påverke planområdet

kommenterast i eigen kolonne. Sannsynlegheit, konsekvensar og risiko vurderast etter følgjande kriteriar:

Vurdering av **sannsynlegheit** for hending er delt i:

- 5. Svært sannsynleg: Kontinuerleg
- 4. Mykje sannsynleg: Meir enn ein gong kvart år
- 3. Sannsynleg: Mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10.år
- 2. Mindre sannsynleg: Mellom eingong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år
- 1. Lite sannsynleg: Mindre enn kvart 50. år

Vurdering av **konsekvensar** av hendingar er delt i:

- 1. Ubetydeleg: Ingen person- eller miljøskadar
- 2. Mindre alvorleg / ein viss fare: Få / små person- eller miljøskadar
- 3. Betydeleg / kritisk: Sjukehusopphald, miljøskadar som krev tiltak
- 4. Alvorleg / farleg: Alvorleg person- eller miljøskadar
- 5. Svært alvorleg / katastrofalt: Personskade som medfører død eller varig mén, mange skadd, langvarige eller varige miljøskadar.

Risikomatrise

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/en viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
Sannsynlegheit:					
5. Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4. Mykje sannsynleg/periodevis, lengre varigheit	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfelle	3	6	9	12	15
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	2	4	6	8	10
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikkje akseptabelt, evt. endringar i plan.
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast – eventuelt endringar i plan.
- Hendingar i grønne felt: Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast om dei skal gjennomførast.

Kilder:

NVE Atlas (<https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>)

Naturbase frå Miljødirektoratet (<https://kart.naturbase.no/>)

Artskart frå Artsdatabanken (<https://artskart.artsdatabanken.no/>)

Kilden frå Nibio (<https://kilden.nibio.no/>)

Arealinformasjon frå NGU (http://geo.ngu.no/kart/arealis_mobil/)

6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak

Hending/situasjon	Relevant	Årsak	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko og kommentar	Tiltak som reduserer risikonivået	Etter tiltak	
							Sanns	Kons.
Naturgitte tilhøve, er området utsett før eller kan planen medføre risiko for:								
1. Snø- eller steinskred	Nei							
2. Fare for utgliding	Ja	Sørpeskred	2	2	Kjenner ikkje tilfelle	Tilstreккеleg dimensjon på stikkrenne	2	1
3. Flaum	Ja	Flaum i mindre bekker	2	1	Nedbørs flaum	Byggjeforbods sone	2	1
4. Avrenning til bekker	Nei							
5. Er det radon i grunnen	Ja	Radon kan førekome,	1	3	Ingen målingar utført	Tek 17 stiller krav til radonsperre i alle nye bygg	1	2
Vær, vindeksponering								
6. Vindutsett	Nei							
7. Nedbørutsett	Nei							
8. Kuldegrop	Nei							
Natur- og kulturområder, medfører planen/tiltaket fare for skade på:								
9. Sårbar flora/fauna/fisk/dyr	Nei							
10. Verneområder	Nei							
11. Vassdragsområder	Nei							
12. Kulturminner/miljø	Nei							
13. Naturressursar	Nei							
Infrastruktur, Strategiske område og funksjonar. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for.								
14. Veg, bru, bane, knutepunkt	Nei							
15. Brann/politi/sivilforsvar	Nei							
16. Kraftforsyning	Nei							
Vil uttilsikta/ukontrollerte hendingar, som kan inntreffe på nærliggende transportårer, utgjere ein risiko for området								
17. Hendingar på veg	Nei							
18. Hendingar på vatn/elv	Nei							
Er det innafor området spesielle farar forbundet med bruk av transport nett for gåande, syklende og kjørande								
19. Til ski/turløyper	Nei							
20. Til anlegg for friluftsføremål	Nei							
Brannberedskap/foreining								
21. Har område tilstrekkelig brannvannforsyning	Ja							
22. Berørast området av foreiningskjelder	Nei							

Hending/situasjon	Relevant	Årsak	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko og kommentar	Tiltak som reduserer risikonivået	Etter tiltak	
							Sanns	Kons
Tidligere bruk er området påverka /forureina frå tidligare verksemder								
23. Gruver, opne sjakter, steintippar, etc.	Nei							
24. Militære anlegg	Nei							
25. Industriverksemd, herunder avfallsdep.	Nei							
Ulovleg verksemd								
26. Sabotasje og terrorhandlingar	Nei							
27. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasjemål	Nei							
28. Finst det pot. sabotasje/terrormål i nærleiken.	Nei							
Omgjevnadane								
Kan planen medføre risiko (for omgjevnadane) m.h.t								
29. Fare for akutt forureining	Nei							
30. Forureining av grunn eller vassdrag	Nei							
Transport og trafikk tryggleik , er det risiko for:								
31. Ulukke med farleg gods	Nei							
32. Kan vær/føre begrense tilgangen til området	Nei							
33. Er det risiko for ulukke i av-/påkøyring	Nei							
34. Ulukke med gåande/syklende	Nei							
Andre risikopostar i omgjevnadane								
35. Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, med fare for usikker is	Ja		3	2	Usikker is kan forekomme på Botnedalsvatn	Skilting langs vatnet	3	1
36. Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, som kan føre til varierende vassføring i elveløp	Nei							
37. Finnes det naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)	Nei							

6.3. Evaluering av risiko

Risiko kan definerast som en funksjon av kor sannsynleg ei hending er og konsekvensen av hendinga.

Risikonivået er delt inn i 3 klasser.

Lav	Akseptabel risiko
Moderat	Risiko bør vurderast med omsyn til aktuelle tiltak som kan redusere risiko
Høy	Uakseptabel risiko. Tiltak nødvendig for å redusere risiko til gul eller grøn

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/en viss fare	3. Betydeleg/kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/katastrofalt
Sannsynlegheit:					
5. Svært sannsynleg/kontinuerleg					
4. Mykjet sannsynleg/periodevis, lengre varigheit					
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfelle		35			
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	3	2			
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle			5		

Ut frå samanhengen mellom sannsynlegheit og konsekvens er det konkludert med at det er låg risiko knytt til de fleste hendingar som er aktuelle i området.

Disse blir nærmare omtalt under. Elles er det ikkje funne særlege omsyn som må takast i forhold til risiko og sårbarheit.

2. Fare for utgliding

Ein mindre bekk med utløp rett sør for Vendalsåis utløp er markert som akksamheitsområde for jord- og flaumskred. Denne bekken kryssar vegen rett aust for planlagt masseuttak. Eit jord og flaumslred her vil kunne øydelegge ein kort strekning av vegen.

Tiltak: ved bygging av vegen må ein sjå til at det er tilstrekkelig størrelse på stikkrenne/ evt bru/kulvert slik at større mengder vatn og lausmasser kan passere.

3. Flaum

Det er markert flaumfare langs den øvre bekken som drenerer myrområdet austover. Delar av denne faresona går inn i byggeområde for ny hytte. Arealet er tilstrekkeleg stort til at ein kan legge busetnad vekk frå faresona

Tiltak: Ved å unngå flaumsona ved utbygging ser ein ikkje behov for andre tiltak.

5. Radon

Det er ikkje kjent radonførekomstar i området, men det er likevel ikkje utenkeleg at det er radon i grunnen. Det er per dags dato ikkje kartlagt radonnivå i området. I radon Aktsomhetskart fra NGU ligg planområdet i høg risiko.

Tiltak: I samband med byggesak skal TEK 17 sine krav til radonnivå i alle nye bygg med fast opphald for menneskje (§13-5) vere ivareteke ved at dette er dokumentert ved innsending av byggesøknad til kommunen.

35. Regulerte vassmagasin med fare for usikker is

Botnedalsvatn er regulert og fare for usikker is kan forekome. Det er satt opp skilt om usikker is fleire plassar rundt vatnet.

Tiltak: Vurdere om det er behov for ytterlegare skilting.

6.4. Konklusjon

Planområdet omfattar areal for ny veg til støylane Grannaroi og Nystøyl, samt eit mindre areal for ei ny hytte/ hyttetun. Vegen er lagt etter terrengets premissar for å gjere inngrepa minst mogleg. Eit areal markera i aktsamheitskart for jord og flaumskred utgjer det største potensialet for øydelegging, men faren er relativt liten. Det finns ikkje radonmålingar i området. Etter byggereglane som blei innført frå 1. juli 2010, er det krav om radonsperre i alle nye bygg.

Det konkluderast med at det elles er liten risiko knytt til dei aktuelle hendingane i området. Dei føremåla som er gitt i plankartet og i føresegnene som følgjer planen, samt at TEK 17 blir følgd opp i byggesaksbehandlinga, gjer at ein ikkje ser behov for spesielle tiltak knytt til planen.

6.5. Konsekvensar av planframlegget

Planframlegget legg opp til etablering av veg inn til to eksisterande støylar samt område for ny fritidsbustad. Terrenget har vore førande for plassering av vegen og nytt byggjeområde. Ved å nytte skånsame arbeidsmetodar vil tiltaka ha liten påverking av naturen i området. Landskapsrommet ein er i inneheld tilsvarande tiltak, ein beveger seg derfor ikkje upåverka landskap.

Fyresdal 31.08.2021

For AT Skog as



Mona Gundersen

Areal- og utmarksplanlegger